

**Fra:** Ola Jordal <ola.r.jordal@gmail.com>  
**Sendt:** 6. mai 2015 14:19  
**Til:** Offentlig Ettersyn ABO-ARK  
**Emne:** Innspel til områdeplan for Ostereidet sentrum i Lindås kommune

ABO Plan & Arkitektur AS  
postboks 291  
5203 OS

### Innspel til områdeplan for Ostereidet sentrum i Lindås kommune

Ostereidet bygdelag hadde årsmøte mandag 27. april og drøfta der oppstarten av reguleringsplan for Ostereidet sentrum. På bakgrunn av dette vil bygdelaget seia seg fornøgd med at kommunen no i nært samarbeid med lokale utviklarar og grunneigarar har starta opp reguleringsplanarbeid. Laget er og nøgd med at kommunen tidleg i planarbeidet inviterte til folkemøte om planen på Ostereidet, og ser fram til liknande møter seinare i planprosessen. Bygdelaget ønskjer utvikling av tettstaden vår !

Bygdelaget ønskjer å koma med følgjande innspel til oppstarten av planarbeidet.

1. Det er viktig at bustadane ikkje vert for ruvande i terrenget, og ein meiner difor at det av landsskapsomsyn er viktig at dei planlagde bustadane i bustadfeltet får tre etasjar eller færre. Parkering under bakken treng sjølv sagt ikkje reknast som etasje.
2. I sjølve forretningsområdet (tett ved Rema 1000) kan ein gjerne opna for fire etasjar, noko som vil signalisera at dette er sentrumsområdet på Ostereidet. Her bør det koma bueiningar i dei to øverste etasjane, i område som ikkje er støyutsett og der soltilhøva er gode.
3. Bygdelaget meiner det er utruleg viktig at det kjem fortau ned mot Eide, og ber om at dette vert regulert og ivaretake som eit rekkjefolgekrav i planen.
4. E39 avkøyringa må gjerast betre og tryggare og behovet for parkeringsplassar vert ivaretake på ein god måte, med vekt på at gjennomgangstrafikken er stor langs E39, noko ein særleg ser i helgene.
5. Det er viktig at graden av små bueiningar i planområdet vert avgrensa, og at ein også legg opp til større husvære for familiar. Bustadmassen bør difor differensierast meir enn det som vart vist på folkemøte. Bygdelaget ønskjer at det difor vert sikra noko areal for einebustadtomter i deler av feltet. Tal bueiningar i feltet ønskjer ein vert redusert til maksimum 110, og fordelinga av storleiken på husværa må sikrast gjennom føresegner. Ein ber om at dette innspelet vert drøfta grundig i planarbeidet.

6. Behovet for gode møteplassar og areal til kafe i senterområdet meiner bygdelaget må vektleggjast stort.

Venleg helsing  
Ola R. Jordal  
Leiar i bygdelaget på Ostereidet